



DET KONGELIGE  
FORSVARSDPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

2018/1861-2/FD III 2/LIN

15.10.2018

### Spørsmål nr. 82 for skriftleg svar om heimevernsområder

Eg viser til brev frå Stortingets president av 10. oktober 2018 med spørsmål frå representant til Stortinget Willfred Nordlund om tal på heimevernsområde som skal leggst ned.

Spørsmålet er ei oppfølging av spørsmål 2386 om same tema, der eg mellom anna svarte at ingen heimevernsområde leggst ned i 2018. Representanten peiker på at dette avvik frå det som står i Heimevernsbladet 2. utgåve i 2018, som er at tre område er lagt ned i 2018.

Forsvarsdepartementet har gått tilbake til Forsvaret for å få ei forklaring på avviket. Forsvaret forklarar at avviket skuldast at det formelle nedleggingstidspunktet avvik frå det praktiske nedleggingstidspunktet. Det formelle nedleggingstidspunktet er når området ikkje lenger er ein del av den komplette operative organisasjonsplanen (KOP) til Heimevernet. Så vil det ta litt tid før personell, materiell og andre ressursar er fjerna frå området og eventuelt overført til nytt område, og det praktisk kan avgrensast i datasystema.

Under følger ei ny oversikt motteken frå Forsvaret over nedlegging og oppretting av HV-område sortert etter distrikt i 2017–2018. Tabellen inkluderer også Sjøheimevernet, som vart lagt ned 31. desember 2017, iht. Stortinget si avgjerd, ref. behandlinga av Innst. 62 S (2016–2017) til Prop 151 S (2015–2016). Tabellen er basert på det formelle nedleggingstidspunktet. Kor mange område som vil bli lagt ned og oppretta i 2019 avheng av den komplette operative organisasjonsplanen (KOP) for 2020. KOP for 2020 er ikkje klar. Det finns derfor ingen tal for 2019. Når det gjeld HV-11, er informasjonen som er motteken frå Forsvaret no også justert.

Distrikt	Område	Nedlagt 31. desember 2017	Nedlagt 31. desember 2018
HV-01	HV-område	-2	0
	SHV	-1	
HV-02	HV-område	0	-3
	SHV	-1	
HV-03	HV-område	-1	1
	SHV	0	
HV-05	HV-område	-1	0
	SHV	0	
HV-08	HV-område	0	-8
	SHV	-2	
HV-09	HV-område	-3	1
	SHV	-2	
HV-11	HV-område	0	-2
	SHV	-2	
HV-12	HV-område	0	-6
	SHV	-2	
HV-14	HV-område	0	0
	SHV	-2	
HV-16	HV-område	1	2
	SHV	-3	
HV-17	HV-område	0	0
	SHV	-2	
Sum HV-område		-6	-15
Sum SHV-område		-17	0

Det er innanfor forsvarssjefens myndigheit å tilpasse områdestrukturen for å sikre best mogleg utnytting av styrkane ut frå dei til ein kvar tid gjeldande operative prioriteringane. Forsvaret legg vekt på at områdestrukturen utviklast gjennom ein fortløpande og dynamisk planutviklingsprosess og er derfor i stadig endring.

Med helsing

Frank Bakke-Jensen